

# FOTBALLSESONGEN I GANG

Kick Off 2013

**Laurdag 20. april vart det arrangert "kick off" i Oshaugane for dei aldersbestemte fotballaga. Alle laga denne sesongen er samarbeidslag med Kvamsøy. I overkant av 50 personar var møtt fram denne ettermiddagen. Ein liten kuling gjorde ingenting, sidan fotballbana ligg lunt til. Ein grei temperatur og opphaldsvêr laga ei fin ramme rundt det flotte arrangementet.**

Ein gjeng med lagleiarane i spissen, spesielt Jarle Støylen og Møyfrid Ristesund, tok for eit par veker tilbake initiativ til dette arrangementet som markerer avsparket for fotballsesongen. Eit passande stort opplegg vart planlagt, og denne laurdags ettermiddagen hadde både sandsøyingane og kvamsøyingane kjent si besøkstid i Oshaugane.

Først var det presentasjon av dei ulike laga. Som i fjor, samarbeider Sandsøy og Kvamsøy i år om tre lag. Det er minigutt 10 år, minijente 10 år, og smågutt 13 år. Totalt er det om lag 30 aktive fotballspelarar fordelt på dei to øyane. I tillegg vart rekruttane presenterte. Desse er mellom fem og åtte år, og kan delta på treningane i lag med dei yngste laga. Seinare kan dei kanskje også vere med og spele kampar.

Etter presentasjonen var det ein slags pause der dei vaksne fekk slå av ein prat med kvarandre over ein kopp kaffi, medan dei yngste laga hadde ein halvtimes trening. Småguttelaget (med jenter) gjorde seg klar for showkamp mot foreldra.

Så nokre av dei vaksne måtte svelge kaffien fort, for dei hadde gått med på å utfordre dei eldste borna på fotballbana. Kampen gjekk over 2x10 minutt. Dommar Jarle Støylen introduserte nokre nye reglar. Til dømes venta det utvising dersom ein kjefta på medspelar, og protest mot dommar ville resultere i ti armhevingar. Sjølve kampen enda 1-1 etter eit tett og spennande oppgjær med mykje godt spel frå begge lag. Dermed måtte det heile avgjerast frå straffemerket. Ikkje overraskande var det ungdomen som var mest treffsikre.

